

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
064/2016	Formannskapet i Radøy	PS	30.08.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Rolf Raknes	16/230	16/10429

Framlegg til Kommunal planstrategi Radøy kommune 2016 - 2020 - gjennomgang og mandat til utlegging

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kravet til kommunal planstrategi er nedfelt i plan- og bygningslova §10-1. I planstrategien skal kommunestyret som eit minimum ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast i valperioden, eller om den skal vidareførast utan endringar. Planstrategien bør også omfatta drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling. Dette omfattar mellom anna langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, verksemda i sektorane og ei vurdering av kommunen sin trong for planar i perioden.

Planstrategiarbeidet bør innehalde ei vurdering av utviklingstrekk og utfordringar som kommunen står overfor, både som samfunn og organisasjon, i dei komande åra. Denne vurderinga skal danne grunnlag for at kommunen i planstrategien kan ta stilling til kva planar som må reviderast og utarbeidast for å oppnå ønskt utvikling.

Vurdering

I prosessen fram til framlegg til planstrategi er det arbeid med å finna kva planar Radøy kommune treng for å møte utfordringane i perioden. Alle kommunen sine overordna planar, innan alle sektorar, inngår i planstrategien. Det er lagt vekt på utarbeiding av eit oversiktleg og tenleg planverk.

Gjeldande planoversikt frå Planstrategi for Radøy kommune 2012 vart sendt på høyring til alle sektorar i kommunen i vår for å få innspel til ei oppdatert liste både over eksisterande planar og trong for nye planar. Det er halde ulike møte i prosessen, mellom anna med helsesektor og eldreråd, planforum med alle sektorar og arbeidsmøte med kommunestyret.

Det er no utarbeidd eit utkast til framlegg til planstrategi for perioden 2016-2020.

Ny planstrategi skal etter plan- og bygningslova § 10-1 vedtakast innan eit år etter at nytt kommunestyre er konstituert. Rådmannen ynskjer å leggje planstrategien fram for kommunestyret til godkjenning i møte 27.10.16. Før handsaming i kommunestyret skal framlegget sendast på høyring til statlege og regionale styresmaktar og nabokommunar, og leggjast ut til offentleg ettersyn i minst 30 dagar.

Konklusjon

Med grunnlag i framlagt utkast til planstrategi for 2016-2020, samt diskusjon i formannskapsmøte 30.08.16, ber rådmannen om mandat til å ferdigstille dokumentet og leggje Planstrategi for Radøy kommune 2016-2020 ut til offentleg ettersyn.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Radøy gjev rådmannen mandat til å ferdigstille dokumentet i samsvar med drøftingar i møtet og leggje Planstrategi for Radøy kommune 2016-2020 ut til offentleg ettersyn.

Formannskapet i Radøy - 064/2016

FS - handsaming:

Planansvarleg Rolf Raknes orienterte om framlegg til planstrategi som no skal ut på høyring. Han viste mellom anna til aktuelle tema for å skildra utviklingstrekk og utfordringar i høve til planbehovet. Raknes peika på at planstrategien skal vera tilpassa lokale tilhøve, og samtidig ha med seg nasjonale og regionale føringar. Kommunestyret bestemmer sjølv kor omfattande og detaljert planstrategien skal vera. Raknes peika på at planen ikkje må vera meir omfattande enn nødvendig for å ta stilling til om gjeldande kommuneplan skal vidareførast utan endringar eller reviderast heilt eller delvis.

Teknisk forvaltning har no etablert lokalt planforum for utveksling av informasjon om planlegging. I første møte blei mellom anna planstrategien diskutert, for å få fram behov og utfordringar på dei ulike sektorane.

Framlegg til planstrategi får no ein siste «finpuss» før den skal ut på offentleg høyring og ettersyn i minimum 30 dagar før endeleg vedtak i kommunestyret.

Ordføraren kom med følgjande innspel til planstrategi-dokumentet:

- Vil ha med kvalitetsplan for SFO under "detalj- og temaplanar" (som også ligg politisk bestilling på som verbalpunkt i 2016-budsjettet).
- Vil ha med "psykiatri og rus" som eit punkt under "viktige utfordringar" i planstrategien.
- Ein del av utfordringane i planstrategien er knytt til hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk sitt fagområde. Det må difor leggest opp til ei drøfting i hovudutvalet om planstrategien.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Formannskapet i Radøy gjev rådmannen mandat til å ferdigstilla dokumentet i samsvar med drøftingar i møtet og leggja Planstrategi for Radøy kommune 2016-2020 ut til offentleg ettersyn.

Vedlegg:

Ver1_Framlegg_Planstrategi 2016_2020